



Vaage Eiendom AS
Osterfjordvegen 1220
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16923 - 20/74444

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
23.11.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 214/119 Fyllingsnes

Tiltak: Endring tømmeffrekvens septiktank
Byggjestad: Gbnr: 214/119
Tiltakshavar: Vaage Eignedom AS

Alver kommune har den 13.10.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 24.09.2020 vart registrert høgt nivå i septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Osterfjordvegen 1220, 5913 Eikangervåg. Høgt nivå i tanken kan føre til at massen renn over kanten med fare for forureining av grunnen rundt. Viss tanken og kamrene blir for fulle, kan det og vere risiko for at massen vil trekke inn igjen i toalett og sluk.

I følgje Norva24 AS er dette ein fellestank med ein 4m³ slamavskiljar med tømmeffrekvens anna kvart år. På grunn av at tanken var så full ved førre tømning, tilrår Norva24 AS at tømmeffrekvensen blir endra til tømning kvart år. Alver kommune oppmodar dykk difor om å ta kontakt Norva24 AS for å avtale hyppigare tømning slik at høgt nivå unngås for framtida.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å endre tømmeffrekvens, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Norva24 Vest AS

Sløvågen 16

5960

DALSØYRA

Mottakarar:

Vaage Eiendom AS

Osterfjordvegen 1220

5913

EIKANGERVÅG